



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- MØTE NR.:** 01 i tingperioden 2009-2011
- FRÅ:** Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
- STAD/DATO:** Markane, Ullsheim Skisenter/ 20. august 2011
- TIL STADES:** Inge Fænn, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Lilly Schøyen, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Hallvard Nygård, Anders Felde og John Olaf Røhme (varamedlem)
- MERKNADER:** Styremedlem i Norges Skiforbund, Roy Saugestad, deltok i styremøte med talerett.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- SAKLISTE:**

REFERATSAKER

- Sak 01 11-13** Godkjenning av innkalling og sakliste

ORIENTERINGSSAKER

- Sak 02 11-13** Orientering v/ Roy Saugestad, styremedlem Norges Skiforbund

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- Sak 03 11-13** Arbeid med komitèane sine handlingsplanar 2011-2012
- Sak 04 11-13** Endring i administrasjonen på krinskontoret
- Sak 05 11-13** Endring av samansetjing i Skikrinsstyret
- Sak 06 11-13** Post 3 midlar (overføring frå NSF)
- Sak 07 11-13** Ski i Skulen 2012
- Sak 08 11-13** Miljøsamlingar 2011
- Sak 09 11-13** Haustmøte 2011
- Sak 10 11-13** Økonomi- og sponsorsituasjonen



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

RAPPORTERING

Sak 11 11-13 **Rekneskapsrapport pr. 16.08.2011**

EVENTUELT

Sak 12 11-13 **Integreringsprosjekt for innvandrere**
Sak 13 11-13 **Bekledning til Skikrinsstyret**

REFERATSAKER

Sak 01 11-13 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.
Vedtak
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

ORIENTERINGSSAKER

Sak 02 11-13 **Orientering v/ Roy Saugestad, styremedlem Norges Skiforbund**
Bakgrunn
Styremedlem i Norges Skiforbund Roy Saugestad orienterte frå Norges Skiforbund på følgjande punkt:

- Økonomisituasjonen
- Ny generalsekretær
- Hvit Vinter
 - Oppmode klubbane til å "tenkje" miljø
- Anleggspolitikk
- NSF sitt forhold til skikretsane

Vedtak
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

Sak 03 11-13

Arbeid med komitèane sine handlingsplanar 2011-2012

Bakgrunn

Strategiplanen som er vedteken av Skikrinstinget 2009 er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument.

Dette dokumentet dannar grunnlaget for Skikrinsstyret og greinkomiteane sine årlege handlingsplanar.

Summen av dei årlege handlingsplanane i heile strategiplanen skal gje Sogn og Fjordane Skikrins størst mogleg grad av måloppnåelse. Dette skal hjelpe oss til å skape ein endå betre aktivitet i klubb og krins.

Med bakgrunn i Strategiplanen skal komitèane utvikle sine handlingsplanar for 2011/ 2012.

Som eit ledd i dette arbeidet legg Skikrinsstyret opp til ein gjennomgang av handlingsplanen 2010/ 2011.

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- 1) Skikrinsstyret tek gjennomgangen av handlingsplanen 2010/ 2011 til orientering.
- 2) Det vidare arbeidet med handlingsplanen 2011/ 2012 skal organiserast slik:
 - a. Skikrinsstyret legg opp til ei breiare evaluering av handlingsplanen i greinkomiteane.

I samband med dette arbeidet skal følgjande vurderast:

 - i. på kva område har komiteen lukkast i 2010/ 2011
 - ii. på kva område har komiteen ikkje lukkast i 2010/ 2011
 - iii. kva er komiteen sine 2-3 viktigaste hovudutfordringar i 2011/ 2012
 - b. Denne prosessen skal danne grunnlaget for det vidare arbeidet med utvikling av handlingsplanen 2011/ 2012
 - c. Skikrinsen sin samla handlingsplan 2011/ 2012 (inkl. komiteane) skal endeleg handsamast i samband med neste møte i styret.

Sak 04 11-13

Endring i administrasjonen på krinskontoret

Bakgrunn

I perioden 01. september 2011 – 31. august 2012 har adm. sjef fått tilbod om stilling som prosjektleiar i NSF i 50% . I same periode føreslår leiar og adm. å tilsette Anders Felde som konsulent i Sogn og Fjordane Skikrins i 50% stilling.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Ein fremmar difor forslag om følgjande samansetjing på krinskontoret i nemnde periode:

- Adm. sjef: Yngve Thorsen (50%)
- Konsulent: Anders Felde (50%)

Adm. fremmar vidare forslag om at Anders Felde får følgjande ansvarsområde som konsulent:

- **tilrettelegging og oppfølging av arbeid i alpinkomiteen**
 - o herunder service ovanfor alpingrubbene, løparar og føresette
- **tilrettelegging og oppfølging av arbeid i hopp- og kombinertkomiteen**
 - o herunder service ovanfor hopp- og kombinertgrubbene, utøvarar og føresette
 - o delt med adm. sjef (?)
- **drift og utvikling av Sogn og Fjordane Skikrins sine nettsider**
 - o saman med adm. sjef
- **tilrettelegging av arbeid for å heve kompetansen på krets- og klubbnivå**
 - o leiarar
 - o trenarar
 - o arrangørar
 - o anleggseigarar
- **tilrettelegging og oppfølging av Ski i Skulen 2012**
 - o inkl. innteksbringande arbeid / offentlege støtteordningar (finansiering av prosjektet)
- **tilrettelegging og oppfølging av arbeid med funksjonshemma**
 - o inkl. tilrettelegging av to (2) stk. ski- og snøsamlingar for funksjonshemma
- **oppfølging av Idrettsregistreringa 2012**

Vedtak

Under føresetnad av at NSF utarbeidar arbeidsavtale iht. samtalar, gjer Skikrinsstyret følgjande vedtak i saka:

- 1) Med bakgrunn i saksutgreiing får adm. sjef permisjon i 50% i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012 for å fungere som prosjektleiar i Norges Skiforbund.
- 2) Anders Felde blir tilsett som konsulent i 50% stilling i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- 3) Arbeidsstad for Anders Felde: Idrettens Hus i Førde, og andre stadar der arbeidsoppgåvene skal løysast og arbeid utførast.
- 4) Anders Felde får følgjande ansvarsområde i stillingsbeskrivelsen:
 - a. tilrettelegging og oppfølging av arbeid i alpinkomiteen
 - b. saman med adm. sjef leggje til rette og følgje opp arbeid hopp- og kombinertkomiteen
 - c. saman med adm. sjef drifte og utvikle www.skikrinsen.no
 - d. tilrettelegging og oppfølging av Ski i Skulen 2012
 - e. tilrettelegging og oppfølging av arbeid med funksjonshemma
 - f. oppfølging av Idrettsregistreringa 2012
- 5) Adm. sjef har rett til å sette arbeidstakaren til anna arbeid enn det som er nemnt i punkt 4 når forholda gjer det nødvendig
- 6) Arbeidstida bereknast til 50% på årsbasis iht. AMLs §10-5 (1).
- 7) Næraste overordna for Anders Felde er adm. sjef i Sogn og Fjordane Skikrins
- 8) Lønn, tilleggsgodtgjersle, prøvetid, oppsigelsesfristar og øvrige arbeidsvilkår skal framgå av Anders Felde sin arbeidsavtale.

Sak 05 11-13

Endring av samansetjing i Skikrinsstyret Bakgrunn

Viser til sak 04 11-13 samt sak 10 (val) ifbm. Skikrinstinget 2011.

I samband med Skikrinstinget 2011 vart Anders Felde (BBIL) valt som nestleiar i Sogn og Fjordane Skikrins. Jamfør NIF`s lov §2-5 skal tillitsvalt som får relevant tilsetjing i perioden fråtre tillitsvervet.

Leiar og adm. anser tilsetjinga av Anders Felde som relevant, og med bakgrunn i NIF`s lovverk føreslår ein at Anders Felde fråtrer sitt tillitsverv som nestleiar i Sogn og Fjordane Skikrins i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012.

Leiar føreslår vidare følgjande endring av samansetjing i Skikrinsstyret:

- Anders Felde (BBIL) fråtrer sitt tillitsverv som nestleiar i perioden 01. september – 31. august 2011
- Styremedlem i Skikrinsstyret Halvard Nygård (Førde IL) overtek vervet som nestleiar i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012
- Varamedlem til Skikrinsstyret John Olaf Røhme (IL Bjørn) trer inn som styremedlem med ansvar for utdannings- og utviklingskomiteen.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Anders Felde (BBIL) frårtrer sitt tillitsverv som nestleiar i perioden 01. september – 31. august 2011
- Styremedlem i Skikrinsstyret Halvard Nygård (Førde IL) overtek vervet som nestleiar i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012
- Varamedlem til Skikrinsstyret John Olaf Røhme (IL Bjørn) trer inn som styremedlem med ansvar for utdannings- og utviklingskomiteen i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012.

For orden skuld legg Skikrinsstyret til at samansetjinga av styret i Sogn og Fjordane Skikrins vert slik i perioden 01. september 2011 – 31. august 2012:

- Leiar: Inge Fænn (Markane IL)
- Nestleiar: Halvard Nygård (Førde IL)
- Styremedlem: Reidun Hegrenes (Førde IL)
- Styremedlem: John Olaf Røhme (IL Bjørn)
- Leiar alpinksomiteen: Lilly Schøyen (Sogndal IL)
- Leiar hopp- og kombinertkomiteen: Gunnar Fannemel (Hornindal IL)
- Leiar langrennskomiteen: Arthur Hegrenes (Førde IL)

Når arbeidsavtalen til Anders Felde opphøyrer 31. august 2012 vil Skikrinsstyret si samansetjing automatisk tre tilbake til valet utført av Skikrinstinget 2011:

- Leiar: Inge Fænn (Markane IL)
- Nestleiar: Anders Felde (BBIL)
- Styremedlem: Reidun Hegrenes (Førde IL)
- Styremedlem: Halvard Nygård (Førde IL)
- Leiar alpinksomiteen: Lilly Schøyen (Sogndal IL)
- Leiar hopp- og kombinertkomiteen: Gunnar Fannemel (Hornindal IL)
- Leiar langrennskomiteen: Arthur Hegrenes (Førde IL)
- Varamedlem: John Olaf Røhme (IL Bjørn)

Sak 06 11-13

Post 3 midlar (overføring frå NSF)

Bakgrunn

Jamfør vedtak i samband med Skitinget på Voss 2010 har Sogn og Fjordane Skikrins fått utbetalt i overkant av kr. 44 000,- i Post 3 midlar frå Norges Skiforbund.

Retningslinjene for bruken av desse midlane er fastsett av KKD, men desse har dei seinare åra vore bearbeida noko i samarbeid med NIF og særforbunda. Historisk har kriteria og retningslinjene variert noko, men hovudfokus har heile tida vore at midlane skal gå til tiltak i eller så nærme klubben som mogleg.

Dei spesifikke innsatsområda innan denne tilskotsordninga er:



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- trenar- og leiar utvikling
- aktivitetsutvikling
- klubb utvikling

I det vidare arbeidet med post 3 midlane skal Skikrinstyret avgjere kva tiltak desse midlane skal nyttast til.

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Skikrinsstyret prioriterar post 3 midlane til følgjande prosjekt:

- Ski i Skulen 2012 – kr. 15 000,-
- Miljøsamlingar 2011 – kr. 15 000,-
- Trenarutdanning – kr. 14 000,-

Sak 07 11-13

Ski i Skulen 2012

Bakgrunn

For andre året på rad gjennomførte Sogn og Fjordane Skikrins prosjektet Ski i Skulen.

Som eit drøftingsgrunnlag for vidareføring av prosjektet i 2012 la adm. fram rapport for prosjektet.

RAPPORT

Prosjektet er gjennomført ved 7 skular i perioden januar-mars 2011:

- Gaupne skule (IL Bjørn), 5. og 6 klasse (49 elevar)
- Flatbygdi skule (Vik IL), 6. klasse (26 elevar)
- Byrkjelo skule (BBIL), 6. og 7. klasse (32 elevar)
- Flatene skule (Førde IL), 4. klasse (59 elevar)
- Tonning skule (Markane IL), 5. klasse (47 elevar)
- Nordfjordeid skule (Eid IL), 5. klasse (45 elevar)
- Trudvang skule (Sogndal IL), 4. klasse (67 elevar)

- Tal skiøker pr. skule: 6
- Sum tal elevar: 325

Målsetjing

Skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment. Bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid.

Prosjekteigar

Sogn og Fjordane Skikrins

Innstilling av skular

Skikrinsstyret gjorde i møte 28.-29. august 2011 (sak 42 09-11) vedtak om å vidareføre prosjektet ved same skulane som i 2010.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Skikrinstyret hadde vidare intensjon om å utvide tal skular dersom dei økonomiske rammene endra seg.

Aktivitet/ innhald i undervisninga

Ved kvar skule er det gjennomført 6 økter à to timar frå januar til mars.

Innhaldet i undervisninga har i stor grad vore leikprega og relatert til langrenn.

I prosjektet har ein gjennomført følgjande modular med fokus på læring av grunnleggande skiferdigheiter:

Skiaktivitet på flate:

- lære ferdigheiter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheiter knytt til friteknikk, langrenn

Skiaktivitet i bakke:

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppteknikk
- tileigne seg god balanse og generell skiferdigheit i nedoverbakke

Å klare seg ute vinterstid:

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

Samarbeid med idrettslaga

Samarbeidet med idrettslaga blir vurdert som svært godt.

Alle involverte idrettslag har rekruttert trenarkrefter frå eigne rekker til skiundervisninga, samt gjennomført øktene iht. avtale.

Samarbeid med skulane

Samarbeidet med skulane har fungert godt, og skulane har vore fleksible m.o.t. å finne rom for aktiviteten i skuletida. Elles har skulane sjølve organisert busstransport av elevane til og frå skianlegga.

Ein registrerar at samarbeidet mellom idrettslaga og dei lokale skulane også har fungert godt.

SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR KNYTT TIL PROSJEKTET SI FRAMTID:

Før Skikrinstyret evt. gjer vedtak om vidareføring av prosjektet i 2012 blir det lagt opp til ei drøfting av sentrale problemstillingar knytt til prosjektet si framtid:

- bør ein utvide tal skular som deltek i prosjektet?
- evt. kor mange skular bør få innbyding om deltaking?
- skal ein fortsette med same skulane som deltok i 2011?
-eller skal ein invitere med nye skular?



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- kva klassesteg bør inviterast med?
- skal dette fortsatt vere eit prosjekt som er relatert til langrenn og til dels hopp?
- tal skiøker frå januar-mars?
- økonomiske rammer:
 - o førebels har Sogn og Fjordane Skikrins ikkje fått tilsagn om midlar til vidareføring av prosjektet, men ein ser det som sannsynleg at Sogn og Fjordane Fylkeskommune samt Sparebanken Sogn og Fjordane vil støtte prosjektet til liks med 2010 og 2011.

Vedtak

Under føresetnad om at prosjektet får tilstrekkeleg finansiering gjer Skikrinsstyret vedtak om å vidareføre Ski i Skulen i 2012.

Prosjektet blir vidareført under følgjande rammevilkår:

- **Tal skular i prosjektet:**
Skikrinsstyret gjer vedtak om at skulane som deltok i prosjektet i 2010 og 2011 skal få tilbod om deltaking også i 2012.

Under føresetnad av finansiering har Skikrinsstyret intensjon om å utvide tal skular som deltek i prosjektet.
- **Klassesteg:**
4.-6. klasse
- **Tal skiøker:**
6-7 øker
- **Andre intensjonar:**
Ein har intensjon om at Ski i Skulen 2012 skal bli meir alpinrelatert enn i 2010 og 2011. Dette gjeld i skular/ område der alpint er ein naturleg del av aktiviteten.

Dersom ein får på plass ein mobil hoppbakke i fylket, har ein intensjon om at den kan bli ein del av eit utvida Ski i Skulen prosjekt.

Sak 08 11-13

Miljøsamlingar 2011

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Miljøsamlingane 2012.

Miljøsamlingane er sonevise samlingar på tvers av greinene for aldersgruppa 11-14 år.

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Saman med greinkomiteane får administrasjonen fullmakt til å bestemme tid og stad for Miljøsamlingane 2011.

Sak 09 11-13

Haustmøte 2011

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Haustmøte 2011.

Med bakgrunn i drøftingar frå Skikrinstringet 2011 blir det fremma forslag om at drift og utvikling av skianlegg samt moms problematikk knytt til anleggsutvikling bør vere eit fellestema i samband med møte.

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Administrasjonen får fullmakt til å bestemme tidspunkt for Haustmøte 2011.

Ein gjer vidare vedtak om å leggje til rette for ein fellesdel med ekstern foredragsholdar frå NSF. Fellesdelen skal knytast til drift og utvikling av skianlegg samt moms problematikk knytt til anleggsutvikling.

Sak 10 11-13

Økonomi- og sponsorsituasjonen

Bakgrunn

Status; Sogn og Fjordane Skikrins sine samarbeidsavtalar med næringslivet:

Verksemd	Grein	Varigheit	Avtale går ut	Status
Sparebanken Sogn og Fj.	Langrenn	1- årig avtale	Våren 2012	Avtale skal reforhandlast. Arbeidet er igangsett.
ByggTeam	Langrenn	2-årig avtale	Våren 2013	
Gravdal Gruppa	Langrenn	2-årig avtale	Våren2013	
Fjord1	Alpint	3-årig avtale	Våren 2012	Avtale skal reforhandlast. Arbeidet er igangsett.
AVIS Bilutleige (barteravtale)	Alpint	2-årig avtale	Våren 2012	
SFE	Hopp	Ikkje avklara	Ikkje avklara	Ikkje ferdig med refohandling av avtalen.
Toyota (barteravtale)	AU	Ikkje avklara	Ikkje avklara	Ikkje feridig med forhandling av avtalen
Skei Hotell (barteravtale)	AU	Ikkje avklara	Ikkje avklara	Ikkje feridig med forhandling av avtalen



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Økonomi- og markedsarbeidet til Sogn og Fjordane Skikrins er styrka det siste året.

- 1) Arbeidet med reforhandling av samarbeidsavtalen med SFE er p.t. ikkje slutført, men SFE har signalisert at dei ynskjer å vidareføre samarbeidet med Sogn og Fjordane Skikrins.
- 2) For alpinksjetteen er det viktig å etablere ein ny samarbeidsavtale i tillegg til Fjordi

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

RAPPORTERING

Sak 11 11-13

Rekneskapsrapport pr. 16.08.2011

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 16.08.2011 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Sak 12 11-13

Integreringsprosjekt for innvandrarar

Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar i Skikrinsstyret samt søknad om prosjektstøtte til BU-lyst prosjekt, blir det fremma forslag om at Sogn og Fjordane Skikrins skal arbeide vidare med eit prosjekt der ein m.a. tilbyr "kurs" i ski for innvandrarar.

Det er aktuelt å setje i gang eit pilotprosjekt i Stryn i samarbeid med Stryn Frivilligsentral og Internasjonalt forum i kommunen. Vidare er intensjonen å føre opplegget vidare til to andre kommunar i Sogn og Fjordane.

Vedtak

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar og adm. arbeidar vidare med ei ekstern finansiering av nemnde prosjekt.

Sak 13 11-13

Bekledning til Skikrinsstyret

Bakgrunn

M.o.t. at Sogn og Fjordane Skikrins har fått ny grafisk profil (logo m.m.) blir det fremma forslag om at ein skal gå til innkjøp av nye jakker til Skikrinsstyret.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Reidun Hegrenes (øk./ sponsoransvarleg) undersøker om *Skogstad* kan vere ein aktuell samarbeidspartnar m.o.t. innkjøp av nye jakker til Skikrinsstyret.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Ref.

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef.